

NONSNIPA

(1193_m)



Ein vinterdag kan det vere både varmt og kaldt, men utsikta kan ein ikkje klage på

Dette fjellet har vorte mykje nytta til toppturar. Det er lett tilgjengeleg. Her er det sjeldan fare for ras og nedkøyringane er passeleg for dei aller fleste.

Tid: ca 3 timar opp med toppturski.

Tilkomst

Bilveg frå Vassenden til Sandalen ca 10 km. Før du kjem til sjølve Sandalen tek du av ein bratt sideveg som går til øvre del av bygda (rundkøyring). Før ein når toppen tek ein av ein veg mot høgre (1. sidevegen). Ein køyrer denne til endes. Ved ei lita bru som fører til det siste gardstunet, startar ein traktorveg. Her er det bom. Utpå våren kan ein køyre eit stykke dersom vegen er open. Elles må ein gå frå bommen.

Traseen

Alternativ 1: Det er mest vanleg å følgje bomvegen oppover i ei lengde på ca 1 km. Ca 100-200 m etter eit felås går det ein bratt traktorveg oppover til høgre (nordover). Denne vegen kan du følgje til endes. Det står det ei comingvogn på ein nedlagt støl og her sluttar vegen. Ein går vidare oppover i ein bratt bakke mot høgre (nordover). Når ein kjem opp på kanten skal ein gå i rett line mot toppen. Det er tryggast å halde seg noko mot venstre (sørsida). På slutten er det litt bratt, men under normale tilhøve er det ikkje vanskeleg å ta seg fram bortsett frå når det er hard skare. Ein skal ikkje

gå for langt mot høgre (nordover). Tilsvarande øvre del av fjellet er det ei nærmast loddrett fjellside. Her legg det seg ofte ein skavl utover kanten, som kan komme overraskande på spesielt ved nedkøyring. Hald difor avstand her.

Alternativ 2: Etter å ha gått ca 100 – 200 m på vegen etter bomstasjonen, tek ein av mot høgre og går rett mot toppen.

Nedkøyring

Her kan du velge ulike trasear. Du kan nytte same nedkøyring som omtala i alternativ 1 og 2. Elles er det òg vanleg å køyre ned på sør/austsida mot Sandalssølen. Dette er ein fin trase i laussnø. Når ein kjem ned på stølen, køyrer ein ned traktorvegen heilt til bommen.

Bilete under: Raude liner viser dei to vanlegaste oppgangsrutene. Nedkøyringa kan ein velje alt etter snøtilhøve og føre. Dei to grønne linene er dei mest nytta.

